



## Notat

Dato: 29.01.2015  
Arkivsak: 2014/19439-57  
Saksbehandlar: arnasan

---

Til: Opplærings- og helseutvalet, Fylkesutvalet  
Frå: Fylkesrådmannen

---

### Klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland

Fylkesutvalet vedtok i sak 213/2014 at utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland skulle sendast ut på høyring. Høyringsfrist var 15. desember 2014. Det har kome inn 36 høyringssvar.

Det er to merknader som er påpeika i dei fleste høyringssvara. Det er:

- Auka reiseveg til tannklinikken gir auka reisekostnader
- Auka reiseveg til tannklinikken gir auka fråver fra skule og arbeidsplass

Som tiltak mot desse ulempene har fylkesrådmannen tatt initiativ til føljande:

- Tiltak mot auka reisekostnader

I lov tannhelsetenester står det i § 5-1: «Fylkeskommunen skal dekke skyssutgifter i samsvar med forskrift fastsatt av fylkeskommunen for pasienter under § 1-3 som søker tannhelsehjelp i Den offentlige tannhelsetjenesten». Hordaland fylkeskommune har aldri vedteke ei eige forskrift om refusjon av reiseutgifter i samband med tannbehandling. I den grad det har vore nødvendig har tannhelsetenesta refundert utgifter i tråd med reglar, retningslinjer og takster i helseøkonomiforvaltningen (HELFO).

Fylkesrådmannen vil starta arbeidet med å utarbeide forslag til ei eiga forskrift om refusjon av reiseutgifter i samband med tannbehandling utført på offentlege tannklinikkar i Hordaland.

- Tiltak mot auka fråver fra skule og arbeidsplass

Vanleg opningstid på fylkeskommunale tannklinikkar er kl 08 – kl 1530.

Fylkesrådmannen vil starta arbeidet med å tilretteleggja for utvida opningstider på ettermiddag og kveld, altså utanom vanleg skuletid og arbeidstid.

Fylkesrådmannen vil med dette informera om at klinikkstrukturplanen for tannhelsetenesta i Hordaland ikkje vil bli sendt til politisk handsaming på fylkestinget i mars 2015 slik som tidlegare varsla. Fylkesrådmannen vil legga fram utkast til klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland til politisk vedtak etter at det er utarbeidd forslag til forskrift om refusjon av reiseutgifter, samt forhandla fram løysingar om utvida opningstider på dei fylkeskommunale tannklinikkane i Hordaland. Saka er forventa å bli fremma for fylkestinget i desember 2015.